OSTERØY KOMMUNE
Teknisk forvaltning

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Marit Nedreli | 11.09.2023 |
| Vår: 23/2527 - 23/20214 | marit.nedreli@osteroy.kommune.no | |

# Oversending av søknad til uttale - gbnr 34/2 Hartveit - Vesentleg terrenginngrep

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Søknad om vesentleg terrenginngrep |
| Eigedom: | Gbnr: 34/2 |
| Tiltakshavar: | Arne Mæstad Hartveit |

Saka gjeld søknad om vesentleg terrenginngrep ved oppfylling av massar på gnr. 34 bnr. 2 Hartveit.

Føremålet med tiltaket er å dyrke opp området til lettbrukt fulldyrka jord ved hjelp av til-køyrde jordmassar og steinmassar. Det er opplyst at jordmassane kjem frå samferdsleutbygging og prosjekt i Stor-Bergen, og at massane er undersøkt med tanke på ureining og framande artar.

Masseutrekninga syner at det er tale om om lag 46 411 m³ tilførte massar.

Det er i søknaden mellom anna opplyst at tiltaket etter ferdigstilling vil bidra til å skape nytt fulldyrka areal, noko som vil gje auka matproduksjon. Nasjonalt er nedbygging av produktiv matjord ei stor utfordring, og difor er det viktig å kunne nytte overskotsmassar til å kunne opparbeide areal som dette.

Kommunen syner elles til vedlagt motteken søknad, sjå spesielt vedlegg F6.

## Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

**Frist**

Frist for uttale/handsaming er 4 veker frå oversendinga, jf. plan- og bygningslova § 21-5, 3. ledd, jf. forskrift om byggesak §§ 6-2 og 7-5.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tore Johan Erstad<br>einingsleiar for teknisk forvaltning og plan | Marit Nedreli<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
34/2 - Søknad om terrenginngrep
Søknadsskjema side1
Søknadsskjema side2
Vedlegg E1Tverrprofil_P10-20
Vedlegg E2 Tverrprofil_P30-40
Vedlegg E3 Tverrprofil_P50-60
Vedlegg E4 Lengdeprofil
Vedlegg E5 Tverrprofil_P70-80
Vedlegg E6 Tverrprofil_90-100
Vedlegg E7 Tverrprofil _P110-120
Vedlegg E8 Tverrprofil_P130
Vedlegg F1kartskisse område
Vedlegg F2 Plantegning_1
Vedlegg F3 søknad om tillatelse til vesentlig terrengforrandring
Vedlegg F4 Masseberegning
Vedlegg F5 kartskisse nedslagsfelt
Vedlegg F6 Plan Gradshaugane
Vedlegg F7 Plantegning_2

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norges Vassdrags- og Energidirektorat | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland Fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |